



OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Per Sindre Thoresen Aaland, 5764 3109

## Vedtak om utbetaling av tilskot

Statsforvaltaren i Vestland viser til innstilling av 24. april 2023 frå Samarbeidsforum i Vestland fylke.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland tildeler Osterøy kommune (864 338 712) 775 817 kroner i støtteordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Midlane skal nyttast til følgjande prosjekt:

- Kartlegging og analyse av kompetansebehov i høve inkluderande praksis i Osterøy kommune, i partnerskap med NLA

Tilskotet blir utbetalt til kontonummer 3633.54.98164, og merka med «Kompetanseløftet 2023».

### Vilkår for bruken av tilskotet

Tilskotet skal nyttast i tråd med retningslinene for tilskotsordninga og tilrådinga frå Samarbeidsforum. Statsforvaltaren legg til grunn at eventuelle friskular i kompetanseregionen blir tatt med i arbeidet med «Kompetanseløftet».

### Rapport frå tilskotmottakar

Kommunen skal i samarbeid med NLA levere ein rapport til Statsforvaltaren i Vestland om bruken av midlane. I rapporten skal kommunen gjere greie for kva for tiltak som er gjennomført og korleis midlane er nytta. Kommunen skal i tillegg gi ei vurdering av måloppnåing, jf. punkt 2 i retningslinene for tilskotsordninga.

Rapporteringsfristen er 30. juni 2024. Rapporteringa skjer via Utdanningsdirektoratet sitt høyringsystem, og Statsforvaltaren vil sende ut lenke i god tid før rapporteringsfristen.

### Oppfølging og kontroll

Statsforvaltaren i Vestland kan kontrollere at midlane vert nytta etter intensjonane, jf. bevilgningsreglementet for staten § 10. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hjå tilskotmottakarane for å kontrollere at tilskotet er nytta etter forutsetningane, jf. lov om Riksrevisjonen § 12 tredje ledd.



Dersom midlane ikkje vert nytta etter intensjonen skal vi ha melding om dette, og midlane skal betalast tilbake til Statsforvaltaren.

Med helsing

Mats Petter Sydengen  
seksjonsleiar

Per Sindre Thoresen Aaland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*